



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Volda kommune

Tilsynsdato: 16.03.2017

Rapportdato: 25.04.2017

## Innhold

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING</b> .....	<b>3</b>
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING .....	3
1.3	TILSYNSTEMA .....	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING .....	5
<b>2</b>	<b>HOVDINNTRYKK</b> .....	<b>6</b>
<b>3</b>	<b>RESULTAT FRÅ TILSYNET</b> .....	<b>7</b>
3.1	AVVIK .....	7
3.2	MERKNADER .....	8
<b>4</b>	<b>VIDARE OPPFØLGING</b> .....	<b>9</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	09.02.2017 (formøte) 16.03.2017 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	Stormyra 2, 6100 Volda
<b>Kommunennummer:</b>	1519
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Asbjørn Moltudal
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Atle Morsund
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Helge Mogstad
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	06.04.2017
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	25.04.2017
<b>Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:</b>	09.06.2017

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Volda kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den ein-skilde kommune minimum kvart fjerde år.

### 1.3 Tilsynsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyn i 2016.

#### 1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

<b>Nr.</b>	<b>Dokument</b>	<b>Datering</b>
1.	Kvalitetssystem for beredskapsarbeidet – styringsdokument	19.01.2017
2.	Heilskapleg ROS-analyse Volda kommune	00.00.2015
3.	Beredskapsplan/plan for Kriseleiinga i Volda kommune	19.01.2017
4.	Reglement for Volda kommune sitt beredskapsarbeid	16.06.2016
5.	Kommunal planstrategi – saksdokument handsaming etter høyring	14.02.2017
6.	Kommunal planstrategi Volda kommune 2016 – 2020 – planforslag	01.12.2016
7.	Kommunal planstrategi – Uttale Fylkesmannen etter offentlig ettersyn	01.02.2017
8.	Saksdokument – handsaming av kommuneplan samfunnsdelen 2016 -2028	26.05.2016
9.	Kommuneplan samfunnsdelen 2016 -2028	26.05.2016
10.	Kommuneplan – Planprogram arealdelen 2018 -2030	15.12.2016
11.	Samarbeidsavtale om beredskap mellom Volda kommune og Volda Røde Kors	28.11.2016
12.	Evaluering etter ekstremveiret «Tor» 29.01.16 Volda kommune	30.01.2016
13.	Evaluering av beredskapsøving i Dalsfjord 11.04.13	Ikkje datert
14.	Øving etter bruk av CIM i samband med CIM-kurs i Herøy 24.-25. januar 2017	26.01.2017
15.	Møtebok kriseleiinga – møte 19.01.2017	30.01.2017
16.	Evaluering etter hending i Volda kommune – mottatt i tilsynsmøte ( <i>ikkje offentlig</i> )	05.07.2016

## 1.5 Gjennomføring

Formøte med Volda kommune vart gjennomført 09.02.2017. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 16.03.2017. Kven som deltok går fram av tabellen under.

<b>Deltakarar</b>	<b>Stilling</b>	<b>Formøte</b>	<b>Opningsmøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Jørgen Amdam	Ordførar	X	X	X	X
Rune Sjurgard	Rådmann	X	X	X	X
Asbjørn Moltudal	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

## 2 Hovudintrykk

Dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som gjennomtenkt og godt tilpassa lokale behov.

Kommunen har utarbeidd eit kvalitetssystem for beredskapsarbeidet som på ein god måte framstille korleis kommunen skal arbeide med samfunnstryggleik og beredskap. Det synleggjer kva aktivitetar som skal skje gjennom året, gjennom å beskrive eit årshjul med faste aktivitetar.

Kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er forankra på strategisk nivå i planstrategien og i kommuneplanens samfunnsdel, samt i kvalitetssystem for beredskapsarbeidet. Kommunen sin heilskaplege ROS-analyse er frå 2015 og er forankra i kommunestyret. ROS-analysen oppfyller dei fleste forskriftskrava, men manglar ei vurdering av kommunen si evne til oppretthalde drift ved uønskte hendingar. Vi saknar ein handlingsplan med prioriteringar for oppfølging av funna i ROS analysen. Handlingsplanen bør forankrast og nyttast som grunnlagsdokument i dei nemnte overordna planane i kommunen.

Kommunens beredskapsplan er oppdatert i januar 2017, og oppfyller alle forskriftskrava under tvil. Kravet om at planen skal samordne og integrere øvrige beredskapsplanar i kommunen er lite tilgjengeleg slik det framstår for oss i vedlegg 5, og kunne med fordel vore flytta til styringsdokumentet for betre oversikt.

Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som er prøvd og som evaluerar hendingar. Kommunen har faste møter i kriseleiinga og beredskapsrådet. Det er krav i forskrifta om at kommunens beredskapsplan skal øvast annakvart år. Kommunen sitt system for øving beskriv øving kvart 5. år, og er ikkje i tråd med desse krava. Det ligg ikkje føre evaluering etter øvingar i h.h.t forskriftskrava. System for opplæring er ei minimumsløysing.

Potensialet for forbetring:

Kommunen bør utarbeide ein handlingsplan med prioriteringar for oppfølging av funna i ROS-analysen og innrette beredskapsplanen betre mot desse funna i trå med forskriftskrava. Beredskapsplanen kunne vore meir operativ, og varslingslister og ressursoversiktar kan med fordel flyttast til CIM.

### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte to avvik. To forhold er kommentert som merknad.

#### 3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

##### **Avvik nr. 1**

Volda kommune sin heilskaplege ROS-analyse oppfyller ikkje alle forskriftskrava til innhald.

##### **Regelverkstilvising:**

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2, litra e).

##### **Utdjupande kommentar:**

ROS-analysen manglar ei vurdering av kommunen si evne til å oppretthalde si verksemd etter at uønska hending har skjedd.

##### **Avvik nr. 2**

Volda kommune oppfyller ikkje forskriftskrava til øving av beredskapsplanen.

##### **Regelverkstilvising:**

Sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 7 1. ledd.

##### **Utdjupande kommentar:**

Kommunen kan ikkje dokumentere at beredskapsplanen er øvd i trå med forskriftskravet, som er kvart anna år. Kommunens rutinar for øving må justerast slik at kriseleiing og kommunen sin beredskapsplan skal øvast kvart anna år i tråd med forskrifta.

### 3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

#### **Merknad nr. 1 – om heilskapleg ROS**

Kommunen bør:

- jf. sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3, lage ein handlingsplan med prioriteringar for oppfølging av funn frå ROS-analysen. Denne bør danne grunnlaget ved utarbeiding av kommunal planstrategi/og i kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel, der ein ser på kommunen sitt planbehov, utgreiingsbehov og oppfølging av tiltak for å ivareta samfunnstryggleiken.

#### **Merknad nr. 2 – om overordna beredskapsplan**

Kommunen bør:

- Revidere beredskapsplanen med utgangspunkt i ny handlingsplan til ROS-analysen, for betre å imøtekome forskriftskrava.
- Vurdere om varslingslister og oversikt over ressursar kan flyttast til CIM.
- Flytte/kopiere oversikt over andre beredskapsplanar i kommunen frå vedlegg 5, til beredskapsplanen slik at det gjer betre oversikt, ev. flytte oversikta til styringsdokumentet. Dette for betre å imøtekome forskriftskrava om å samordne og integrere dei øvrige beredskapsplanane i kommunen.



#### **4 Vidare oppfølging**

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Stine Sætre, [stine.saetre@fylkesmannen.no](mailto:stine.saetre@fylkesmannen.no), 71258485 / 95224419